

Forskrift
til
ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane
Heimel: Opplæringslova, §3-7

Vedteken i hovudutval for opplæring i sak 6/07, revidert i sak 02/09 og i sak x/14.
Forskrifta gjeld frå 01.04.2014

§ 1 Krav om ordensreglement

Alle dei vidaregåande skulane skal ha eit ordensreglement, jf opplæringslova §3-7.

§ 2 Formkrav/status

Ordensreglementet skal ha forskriftsstatus, jf forvaltningslova § 2.

§ 3 Førebuing og vedtak

Rådsorgana ved skulen (skulemiljøutvalet, elevrådet og arbeidstakarorganisasjonane) skal ha høve til å uttale seg før ordensreglementet vert vedteke, jf forvaltningslova § 37. Skuleutvalet vedtek ordensreglementet.

§ 4 Organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulane

Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politiske parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen, i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå ut over undervisninga.

§ 5 Innhald

Ordensreglementet skal innehalde

1. Innleiing med tilvising til § 3-7 og kap 9a i opplæringslova, kven som har fastsett ordensreglementet og tidspunkt for iverksetjing
2. Formål
3. Verkeområde

og reglar for følgjande område:

4. Rettar for elevane
5. Plikter for elevane
6. Orden
7. Åtferd
8. Forbod/ikkje akseptert åtferd
9. Fusk/forsøk på fusk
10. Ekskursjonar/studieturar
11. Internettbruk
12. Brot på ordensreglementet
13. Refsingstiltak
14. Sakshandsamingsreglar
15. Særskilde tilleggsreglar
16. Samarbeid mellom skule og heim/føresette
17. Organisasjonsarbeid og politisk aktivitet i skuletida/på skulane
18. Forbod mot tobakksbruk i skulen sine lokale og på skulen sine område, heile døgeret
19. Forbod mot tobakksbruk i skuletida